

# Invitasjon/program til kurs for saksbehandlarar i sosialtenesta i NAV

## Vidaregåande kurs i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving

**12. -13. november 2014, Rica Hotell Kristiansund**

Fylkesmannen i Møre & Romsdal vidarefører Arbeids- og velferdsdirektoratet si opptrapping av arbeidet med økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving.

### Føremålet er å:

- sikre informasjon og bevissthet om den økonomiske rådgivinga, og
- sikre best mulig kvalitet på den økonomiske rådgivinga og gjeldsrådgivinga ved å auke kompetansen i sosialtenesta i NAV og hos andre aktørar

Økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving er ei av kjerneoppgåvene til sosialtenesta i NAV, og spelar ei viktig rolle som eitt av fleire tiltak som kan bidra til at den enkelte kan overvinne ein vanskeleg livssituasjon. Rådgivingsplikta er heimla i Lov om sosiale tjenester i NAV § 17 og i gjeldsordningslova § 1-5.

Det er eit aukande behov for å bistå brukarar med økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving og styrke kompetansen på dette fagområdet.

### Målgruppe

Kurset rettar seg primært mot saksbehandlarar i den kommunale sosialtenesta i NAV, men også andre med tilknytning til arbeid med økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving kan delta. Kurset bygger på grunnkurset i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving, og deltakarane må ha minimum kunnskapar tilsvarande dette kurset.

### Det er ønskeleg at alle NAV-kontora i fylket blir representert.

Kurset og opphaldet er gratis. Reisekostnadene dekkjast av deltakarane. Fylkesmannen dekkjer hotellopphald for alle med minst ein times reiseveg. Vi oppmodar alle som har høve til det om å nytte buss til og frå kurset.

### Påmeldingsfrist:

Elektronisk påmelding på Fylkesmannens nettside **innan 15. oktober 2014.**

Ved spørsmål kontakt [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller [kjell.iversen@fylkesmannen.no](mailto:kjell.iversen@fylkesmannen.no)

### Deltakartal:

Vi har sett ei grense på 60 deltakarar. Dersom det blir fleire påmeldte, vil vi ta direkte kontakt med aktuelle NAV-kontor for å få til ein reduksjon.

### Om foredragshaldarane:

**Tor H. Waardal** var jurist/seniorrådgivar hos Fylkesmannen i Hordaland med fagansvar innan økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving fram til han gikk av med pensjon i starten av 2014. Han har lang arbeidserfaring med ulike oppgåver innan sosialtenesta, likningskontor og frå det private næringsliv. Han går inn som vikar i Inger-Helene Søgne sin svangerskapspermisjon ved dette kurset.

**Hanne Riksheim** er nylig tilsett som juridisk direktør hos Lindorff. Ho har praktisert som advokat og har vore namsfullmechtig og seksjonsleiar hos Namsfogden i Oslo. Ho er medforfattar til nettveggleiaren i NAV og har skrive fleire manus til forelesningane i grunnkurset og vidaregåande kurs.

## **Program for vidaregåande kurs i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving 12. – 13. november 2014 ved Rica Hotell Kristiansund.**

### Program

#### **Onsdag 12. november 2014**

- 10.00 - 10.45: Velkommen og praktiske opplysningar
- Introduksjon
  - Oversikt
- 11.00 – 12.00: Skuldnar sitt skydd mot tvangsinnfordring
- Dekningsloven kapittel 2
  - Nye livsopphaldssatsar
- 12.00 – 12.45: Lunsj (tidspunkt kan justerast)
- 12.45 – 13.45: Skuldnar sitt skydd mot tvangsinnfordring (forts)  
Oppgåver
- 14.00 – 14.45: Inndriving av gjeld – offentlege kreditorar
- 15.00 – 16:45: Inndriving av gjeld – avgrensing mot ektefelle/sambuar/born
- 19.00 – Middag (tidspunkt kan justerast)

#### **Torsdag 13. november 2014**

- 09.00 – 09.45: Oppgåve
- 10.00 – 10.45: Forelding av fordringar
- 11.00 – 12.00: Sikra krav, kausjon, pant og prioritet og solidarisk gjeldsansvar
- 12.00 – 12.45: Lunsj (tidspunkt kan justerast)
- 12.45 – 13.30: Frårådingsplikta
- Forfall av pengekrav
  - Kredittvurdering
  - Gjeldsregister
- 13.45 – 14.30: Oppdateringar og nyhende
- Endringa i gjeldsordningslova (Prp. 155L (2012-2013))
  - Lov om sosiale tenester i Nav § 17 – rundskriv og rettleiar
  - Diskusjon – synspunkt, avrunding og evaluering

*Vi tek atterhald om endringar i programmet.  
Pausar vert tekne når det trengs.*